



Møteprotokoll Eldrerådet

Møtedato: 01.06.2021
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 15:30 - 16:50

Status for arbeidet med:

- Internett Nordliheimen
- Turar arrangert av Eldrerådet (kan bruka av potten på 50.000)
- Datakurs for eldre
- Innspel om universell utforming til plan- og byggesaker

Frammøtte medlemmer	Rolle
Gro Vigdis Johannessen	Medlem
Ivar Bergsvik	Medlem
Solveig Hopen	Medlem
Reidar Øksnes	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Idar Johan Hopland	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore, Rigmor Ludvigsen

Austrheim 4. juni 2021

Gro Vigdis Johannessen
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
015/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
016/21	Godkjenning av møteprotokoll
017/21	Orienteringssak
018/21	Eldredagen 2021 - om arrangementet

015/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

01.06.2021 ELDRERÅDET

Handsaming i utvalet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

ER - 015/21 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vart godkjent

016/21: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

01.06.2021 ELDRERÅDET

Handsaming i utvalet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

ER - 016/21 VEDTAK:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

017/21: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

01.06.2021 ELDRERÅDET

Status for arbeidet med:

- Internett Nordliheimen:

Møtesekretær Ketil Tjore orienterte om at IKT Nordhordland skal komma ut før sommaren for å gjera målingar av netthastigheiten på det eksisterande nettet. Dersom denne er for dårleg, må det gjerast gravearbeid for å få fram nye fiberkablur. Sjukeheimen har sjølv bruk for betre nett, for å sikra kapasitet nok til velferdsteknologi med meir. Betre nett vil også gjera det mogleg med større utval av TV-kanalar.

- Turar arrangert av Eldrerådet (kan bruka av potten på 50.000):

Denne saka vert diskutert vidare på september-møtet, for å arrangera tur våren 2023.

- Datakurs for eldre.

På vent inntil vidare.

- Innspel om universell utforming til plan- og byggesaker

Møtesekretær Ketil Tjore førebur noko på dette til neste møte, for å minna om at Eldrerådet må komma tidleg inn i planprosessen, og at ein må syta for universell utforming i aktuelle plan- og byggesaker.

Handsaming i utvalet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

ER - 017/21 VEDTAK:

Orienteringane vert teke til vitande.

018/21: Eldredagen 2021 - om arrangementet

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram utan tilråding til vedtak

Bestillingar i samband med eldredagen:

180 kroner - Austrheim samfunnshus på lokale, dekking, servering, saft, kaffi og rydding

195 kroner - Kilstraumen Brygge AS

375 kroner - totalt for kvar gjest

Det vert sendt svar til desse to om at ein godtek tilbodet, med atterhald om at ein kan avbestilla seinast to veker før arrangementet, dersom det er for lite påmeldingar eller nye smitteverntiltak.

01.06.2021 ELDRERÅDET

foreslått av:

Bestillingar i samband med eldredagen:

180 kroner - Austrheim samfunnshus på lokale, dekking, servering, saft, kaffi og rydding

195 kroner - Kilstraumen Brygge AS

375 kroner - totalt for kvar gjest

Det vert sendt svar til desse to om at ein godtek tilbodet, med atterhald om at ein kan avbestilla seinast to veker før arrangementet, dersom det er for lite påmeldingar eller nye smitteverntiltak.

Møtesekretær Ketil Tjore vidareformidla frå Monika Kvamme om deltakarar frå Nordliheimen, på Eldredagen.

- Kvamme seier at det er ein del bebuarar som er for skrøpelege til å delta, men for dei som kan, legg ein opp til at dei skal få delta på arrangementet i kyrkja og på samfunnshuset.
- Deler gjerne på underhaldninga slik at denne kan vera begge stader.
- Håpar på en vanleg eldredag dette året.

Leiar Gro Johannessen presenterte annonsen som skal inn i Kyrkjebakken.

Skal ha med eit punkt til slutt om mange nok påmelde.

Tar ei heilside i Kyrkjebakken til 1.000 kroner.

Ivar Bergsvik ordnar nynorsken og sender til Gro Johannessen, som vidaresender til Kyrkjebakken.

Påmeldingsfristen skal endrast til 15. september.

Teksten er slik:

ELDREDAGEN 1.10.21

Det er ei glede igjen å kunne invitere

til feiring av eldredagen.

Gudsteneste i Austrheim Kyrkje kl 15.00

Samankomst på Samfunnshuset kl 16.00

Pris pr person kr 300

Bindande påmelding: tlf 56 16 20 00 (kommunen)

innan 15. september.

Meld frå om du treng skyss,

gjerne også om du har noko form for matallergi.

VELKOMMEN

Austrheim eldreråd

Vi må ta atterhald om endring i smittevernreglane

Og mange nok påmelde.

Leiar Gro Johannessen orienterte om dei som skal gå gratis, prest, ordførar og dei som er 100 år (inkludert følgje for 100-åringane).

Sender formell invitasjon til desse etter september-møtet.

Leiar Frivilligsentralen, Rigmor Ludvigsen:

- ordnar songar med trykk av hefte (Servicekontoret kan trykka opp)
- ordnar forsang
- ordnar pianist
- tar kontakt med Per Lerøy om å setta av dagen

Rigmor Ludvigsen sa at dersom ein skal ha Rune Larsen/Tor Endresen eller Helge Jordal, så må ein ordna lydanlegg frå Trond Einar Sørensen (Terzz lyd). Om det er andre underhaldarar kan det vera at ein kan bruka lydanlegget til koret.

Påmelding går til kommunen ved Servicekontoret. Skal registrera med namn og telefonnummer, samt behov for skyss, matallergi.

På arrangementsdagen:

- Rigmor Ludvigsen annonserer underholdarar.
- Rigmor Ludvigsen/Servicekontoret bestiller tebrød/is til kaffien.
- Rigmor Ludvigsen ordnar med registrering/mottak av betaling på dagen.
-

Rigmor Ludvigsen sa at ho har sendt førespurnad til Rune Larsen om underholdning på Eldredagen, purrar om ho ikkje høyrer noko snart. Er positiv til å ha god underholdning, det skal vera kjekt! Dette året er det også midlar å henta frå den kulturelle spaserstokken, det er det ikkje kvart år, men i år er det ikkje brukt midlar utanom på grunn av Korona. Gro Johannessen sa at det er bra med eit godt trekkplaster.

Gro Johannessen sa at underholdninga må vera avklara før annonsering i Kyrkjebakken 13. august, Rigmor Ludvigsen sa at det skal vera klart før den dagen.

Solveig Hopen sa at ein må vera obs. på å kunna avlysa om det er for få påmelde, dette svara Rigmor Ludvigsen at det er kontroll på. Ludvigsen sa at det kan vera mange som ventar på å gå ut, det taler for godt besøk, men kan også vera ein del som ikkje går ut.

Reidar Øksnes spurte om Rigmor Ludvigsen kan få frie tøyler til å finna nokon om det ikkje lukkast med Rune Larsen. Semje om at Ludvigsen får jobba med dette, og eventuelt tar ein telefon til rådet dersom ein ikkje lukkast med kandidatane øvst på lista.

Diskusjon om at det skal vera aldersgrense på arrangementet, det er ikkje sett.

Solveig Hopen leia møtet under diskusjonen av kva tilbydar ein skal ha på serveringa.

Hopen gjorde greie for dei tilboda som har komme inn. Det kom tilbod frå Kilstraumen Brygge AS og Knuter Catering, den tredje tilbydaren (Samfunnshuset) har ikkje svara.

Hopen har laga eit samandrag av dei to tilboda som har komme inn. Det var semje i rådet om å godta prisen frå Austrheim samfunnshus på lokale, dekking, servering, saft, kaffi og rydding. Maten skal leverast frå Kilstraumen Brygge AS.

Kostnadene vert då:

180 kroner - Austrheim samfunnshus på lokale, dekking, servering, saft, kaffi og rydding

195 kroner - Kilstraumen Brygge AS

375 kroner - totalt for kvar gjest.

Det vert sendt svar til desse to over om at ein godtek tilbodet, med atterhald om at ein kan avbestilla seinast to veker før arrangementet, dersom det er for lite påmeldingar eller nye smitteverntiltak.

Tidsplan for dagen:

Gudsteneste klokka 15.00.

Arrangementet på samfunnshuset startar klokka 16.00.

Resten av programmet og detaljar vert diskutert på møtet i september. Må også sjekka opp i at det er blommar på borda, serviettar og liknande.

Gro Johannessen sa at ho lagar klar ein invitasjon til hundreåringane til møtet i september, så kan ein senda ut dette etter umiddelbart etter møtet.

ER - 018/21 VEDTAK:

Bestillingar i samband med eldredagen:

180 kroner - Austrheim samfunnshus på lokale, dekking, servering, saft, kaffi og rydding

195 kroner - Kilstraumen Brygge AS

375 kroner - totalt for kvar gjest

Det vert sendt svar til desse to om at ein godtek tilbodet, med atterhald om at ein kan avbestilla seinast to veker før arrangementet, dersom det er for lite påmeldingar eller nye smitteverntiltak.
